



Dokid: 110000126049 (10/93-199)
Haukeli

Heiplanen
Regional plan for Ryfylkeheiane, Setesdal Aust-og Vesthei

Frå Haukeli Næringslag

Dato: 15.11.2011
Ref:H.N.

HAUKELI NÆRINGSLAG HAR KOMMENTARAR/MERKNADER ETTER GJENNOMGANG AV HEIPLANEN.

Desse kommentarane er på vegne av næringsaktørar som vert berørte i dei omtala områda, og som soknar til Haukeli Næringslag.

Fyrste merknad er ei generell betraktning av Heiplanen og Hardangerviddaplanen. Dette er to regionale planar med forskjellige fargekodar. I Hardangerviddaplanen er område for reiseliv markera med lilla. I Heiplanen er sona for bygdeutvikling markera med grått. Er dette det same, er det samsvar her ?

Me har sett opp nokre punkt som me meiner er særst viktige å få fram:

1. -Hardangerviddaplan og Heiplan må ha same arealsoneinndeling.
2. -Kommunedelplan Vågslid må ha sone bygdeutvikling. (Grå)
3. -Kommunedalplan Vågslid må vera omkransa med hensynsone Villrein. (Gul)
4. -Villreintrekket på Vamark må takast ut av planen.
5. -Området Vamark må ha sone bygdeutvikling. (Grå)
6. -Villreintrekket Stokketjønn – Sæsvatn må smalnast inn til den rette trekkoridoren rett aust for Sæsvatn. Viser her til vedlegg 1 der svart skravera felt er den viktige trekkoridoren.

7. -Området Stokketjønn – Sæsvatn må ha sone bygdeutvikling. (Grå)
Viser til plankart der trekksoner kryssar bygdeutviklingssoner, heilt frå Bygland til Hovden. Dette må då forstås å vera utan konflikt.
8. -Den Norske Turistforening bør vurdere stenging av turisthytter og innføre ferdseisforbod delar av året i dei områda der villreinen har si levesone.
9. -Av omsyn til dei viktige trekka mellom Setesdal Vesthei og Hardangervidda, bør det lagast lang tunnel over Haukelifjell.

Sluttkommentar:

For å oppretthalde små bygdesamfunn med næring og busetnad, er naudsynt å tenkje langsiktig for å leggje til rette, og derfor setje av framtidige areal til bygdeutvikling.

Kopi til: Lasse Mathisen.

Vedlegg: 1 Kartutdrag

